

Sanitærreglement for FjellVAR

Del 1: ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR

Del 2: UTFYLLANDE BESTEMMINGAR

Føreord

Sanitærreglementet er utarbeidd for å ivareta det gjensidige ansvarsforholdet mellom FjellVAR og kvar enkelt abonnent i samband med tilknytning til kommunalt vass- og avløpsanlegg, og påfølgjande drift og vedlikehald. Dette gjeld også for ansvarlege føretak som utfører oppdrag på privat leidningsnett på vegne av abonnenten/tiltakshavaren.

Reglementet skal sikre at sanitæranlegg blir utført og drifta på ein trygg måte med omsyn til ansvar, funksjonssikkerheit, anleggs- og utstyrs kvalitet.

Reglementet består av:

Del 1: Administrative bestemmingar (dette heftet)

Del 2: Utfyllande bestemmingar

Del 1: Administrative bestemmingar tar for seg dei forvaltingsmessige tilhøva.

Dei er utforma slik at normale behov for FjellVAR og kvar enkelt abonnent er dekte.

Del 2: Utfyllande bestemmingar fastlegg ein del normalkrav som FjellVAR stiller til prosjektering, utføring, tilgjenge, drift og vedlikehald av sanitæranlegg. I tillegg inngår utfyllande rundskriv.

For Del 2 gjeld *Normalreglement for sanitæranlegg, tekniske bestemmelser*, utarbeidd av Kommunenes Sentralforbund. Desse blir supplerte med utfyllande bestemmingar. Der det er motstrid mellom KS sitt normalreglement og FjellVAR sine bestemmingar, gjeld FjellVAR sine bestemmingar.

Sanitærreglementet er vedteke av FjellVAR AS den 01. mai 2006.

I tillegg til sanitærreglementet kan også anna regelverk stille krav til prosjektering, utføring, tilgjenge, drift og vedlikehald av sanitæranlegg. Nokre eksempel på dette er

- Plan- og bygningsloven med forskrifter
- Lov om vern mot forurensning og om avfall (forurensningsloven) med forskrifter
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)
- Forskrift om vann og avløpsgebyr
- Gjeldende VA-norm for FjellVAR AS

Sanitærreglement for FjellVAR

DEL 1: ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR

Innhald

Føreord	2
Kapittel 1.0 Generelt	5
1.1 Føremål.....	5
1.2 Heimel	5
1.3 Verkeområde	5
1.4 Plikt til å overhalde reglementet	5
1.5 Handheving.....	6
1.6 Overtreding.....	6
1.7 Klage	6
1.8 Endringar, utfyllande bestemmingar	6
1.9 Dispensasjon	6
1.10 Iverksetjing og oppheving av tidlegare bestemmingar.....	6
Kapittel 2.0 Tilknytning til kommunalt leidningsnett	7
2.1 Definisjonar	7
2.2 Krav til kompetanse	7
2.3 Søknadsplikt for sanitæranlegg etter plan- og bygningsloven.....	7
2.4 Førehandsuttaling om tilknytingsrett til kommunal VA-anlegg	7
2.5 Tiltak unnateke søknadsplikta etter plan- og bygningsloven.....	8
2.6 Utføring av sanitæranlegg	8
2.7 Sluttdokumentasjon for utført sanitæranlegg.....	8
2.8 Tinglyste erklæringar	9
2.9 Inspeksjon av sanitæranlegg	9
2.10 Material og utstyr for sanitæranlegg	9
Kapittel 3.0 Villkår for tilknytning og bruk av FjellVAR sine vass- og avløpsleidningar (leveringsvillkår)	10
3.1 Generelt	10
3.2 Forbruk av vatn.....	10
3.3 Sikring av vassforsyninga mot forureining.....	10
3.4 Vasstrykk.....	11
3.5 Vassmålar	11
3.6 Kontroll av vasskvalitet og forbruk.....	11
3.7 Kvaliteten på avløpsvatn ved innslepp på kommunal leidning.....	11
3.8 Utskiljarar og reinseanlegg.....	12
3.9 Vern mot inntrenging av høgvatn m.m.....	12
3.10 Utbetring av feil og manglar	12
3.11 Private leidningsanlegg i kommunal veg.....	13
3.12 Tilknytning ved omlegging av kommunal leidning	13
3.13 Fjerning av tilknytning	13

3.14 Stenging av kommunal eller privat leidning.....	14
3.15 Ansvarsforhold.....	14

Kapittel 1.0 Generelt

1.1 Føremål

Hensikta med dette reglementet er å ivareta interessene til kommunen/FjellVAR AS, samfunnet og kvar enkelt ved å stille slike krav til prosjektering, utføring, drift og vedlikehald av sanitæranlegg at ein sikrar teknisk, funksjons- og driftsmessig forsvarleg utføring innanfor ei rimeleg økonomisk ramme.

Ein skal blant anna sikre:

- rettmessig god og optimal forvaltning av private sanitæranlegg
- etablering av kvalitetsmessig gode, driftssikre og økonomiske sanitæranlegg
- tilkomst og tilgjenge for inspeksjon, reparasjon og framtidig utskifting

1.2 Heimel

Bestemmingane i sanitærreglementet er gitt i eigenskap av FjellVAR sitt rådevelde over hovudleidningsanlegget for vassforsyning og avløpshandtering.

1.3 Verkeområde

Dette reglementet gjeld sanitæranlegg som er knytt til FjellVAR sine vass- og avløpsleidningar, direkte eller via private fellesleidningar. Reglementet er også å sjå på som rettleiande for private anlegg som seinare vil kunne knytte seg til kommunal leidning.

Eigarar av sanitæranlegg må for å oppnå eller oppretthalde slik tilknytning godta dei til ei kvar tid av FjellVAR fastsette krav for tilknytning til FjellVAR sine vass- og avløpsleidningar.

Desse krava er utan atterhald å sjå på som godtekne av vedkomande eigar når tilknytning har funne stad.

Bestemmingane i reglementet er bindande for godkjende føretak som prosjekterer eller utfører arbeid på sanitæranlegg som er, eller som ein reknar med er knytte til FjellVAR sine vass- og/eller avløpsanlegg.

Spesielle anlegg som prosessanlegg, sprinklaranlegg, varmeanlegg og liknande blir vurdert særskilt av FjellVAR.

1.4 Plikt til å overhalde reglementet

Eigarar av sanitæranlegg knytt til kommunalt leidningsnett (heretter kalla abonnenten) er ansvarlege for drift og vedlikehald slik at anlegget til ei kvar tid er i overensstemming med reglementet, og for at dei til ei kvar tid gjeldande bestemmingar for drift og vedlikehald av anlegget blir følgt.

Abonnenten er også ansvarleg for at husstand, leigebuarar og andre som nyttar anlegget hans, overheld bestemmingane.

Huseigar/tiltakshavar og/eller aktuelle godkjende føretak er ansvarlege for at dei respektive private anlegga/installasjonane blir prosjekterte og utførte i samsvar med gjeldande lov- og regelverk.

1.5 Handheving

Sanitærreglementet vert handheva av FjellVAR.

1.6 Overtreding

Overtreding av sanitærreglementet med tilhøyrande regelverk eller vedtak gitt i medhald av reglementet kan medføre at FjellVAR sett i verk sanksjonar overfor den som er ansvarleg.

Overtredingar frå abonnenten si side kan føre til avstenging av vassforsyninga inntil forholdet er retta, og/eller at FjellVAR kan la arbeidet bli utført for eigaren si rekning.

Ved overtreding frå ansvarleg føretak si side kan FjellVAR late vere å behandle søknader/meldingar frå føretaket.

Vedtak om sanksjonar skal varslast på førehand med oppgitt frist for retting.

1.7 Klage

Enkeltvedtak som blir gjort med heimele i sanitærbestemmingane, kan påklagast til styre i FjellVAR AS.

Klagefrist er tre veker frå melding om vedtaket er gjort.

1.8 Endringar, utfyllande bestemmingar

Revisjon av prinsipiell og generell karakter vert vedteken av FjellVAR.

Mindre vesentlege endringar i administrative bestemmingar og tekniske krav vert vedtekne av FjellVAR.

1.9 Dispensasjon

Når særlege grunnar talar for det, kan fagdirektøren ved FjellVAR eller den han gir myndigheit, dispensere frå bestemmingar i reglementet, jf. pkt. 1.5.

1.10 Iverksetjing og oppheving av tidlegare bestemmingar

Dette reglementet trer i kraft ved styret sitt vedtak den 01.05.2006.

Frå same dag er det slutt med FjellVAR AS sitt tidlegare sanitærreglement.

Kapittel 2.0 Tilknytning til kommunalt ledningsnett

2.1 Definisjonar

- Sanitæranlegg omfattar private utvendige og innvendige vass- og avløpsanlegg.
- Utvendige sanitæranlegg omfattar alle sanitærinstallasjonar frå og med tilkoplingspunktet på kommunal ledning og fram til grunnmur.
- Innvendige sanitæranlegg omfattar alle sanitæranlegg i bygning.
- Stikkeledning er ein privat ledning som betener ein eigedom.
- Fellesledning er ein privat ledning som betener fleire eigedomar.
- Kommunal ledning er ein ledning der eigarfunksjonen vert ivareteken av FjellVAR, som også er ansvarleg for drifta.

2.2 Krav til kompetanse

Plan- og bygningsloven stiller kompetansekrav til aktørar som tek på seg ansvar som ansvarleg søker, prosjekterande, kontrollerande eller utførande av sanitæranlegg.

All prosjektering, utføring og reparasjonar av sanitæranlegg skal utførast av føretak godkjent etter plan- og bygningsloven.

2.3 Søknadsplikt for sanitæranlegg etter plan- og bygningsloven

Rammetilsegn, samtykke til tiltak, igangsettingssamtykke m.v. for søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningsloven, vert gitt av kommunen si bygningsmyndigheit ved byggesaksavdelinga.

Det skal som hovudregel søkast til byggesaksavdelinga om byggeløyve for alle tiltak som omfattar sanitæranlegg, jf. plan- og bygningsloven § 93.

Ved ein del mindre tiltak som ikkje fører til fare eller urimelege ulemper for omgjevnadene eller allmenne interesser, kan bygnadsmyndigheitene gjere unntak frå søknadsplikta.

Nærare om krava til søknadsprosedyre og planmaterieell er beskrive i *Sanitærreglement for FjellVAR AS, del 2. Utfyllende bestemmelser*.

2.4 Førehandsuttaling om tilknytingsrett til kommunal VA-anlegg

Før søknad om rammetilsegn / samtykke til tiltak vert send kommunen si bygningsmyndigheit, skal FjellVAR vurdere den tekniske delen av søknaden.

Dette gjeld både anlegg som vert knytte direkte til kommunalt ledningsnett og via privat fellesledning (jf. pkt. 2.1).

Dersom forholda ligg til rette for det, blir det gitt førehandsuttaling om tilknytingsrett på bestemte vilkår (akseptkriterium).

Dei vilkåra (akseptkriterium) som inngår i førehandsuttaling om tilknytning til kommunalt vass- og avløpsnett, vert fastsette av Vass- og avløpsetaten i det konkrete tilfellet.

Traséval og tilknytingspunkt kan endeleg fastsettast av FjellVAR.

Ved vesentlege endringar skal reviderte planar godkjennast av FjellVAR før utføring.

Også ved bruksendring og/eller etablering av nye bustadeiningar, og for andre tiltak som kan ha konsekvensar for det offentlege nettet, skal søknad vere førelagt FjellVAR.

FjellVAR AS kan returnere søknader som er mangelfulle.

Førehandsuttaling om tilknytingsrett vert alltid gitt med atterhald om at tiltaket vert oppført i samsvar med gjeldande regelverk. Søknad om dispensasjon skal vere skriftleg.

Det er ikkje tillate å starte tiltak før førehandsuttaling og igangsettingssamtykke føreligg.

Nærare om krava til søknadsprosedyre og planmateriell er beskrive i *Sanitærreglement for FjellVAR AS, del 2. Utfyllende bestemmelser*.

2.5 Tiltak unnateke søknadsplikta etter plan- og bygningsloven

For tiltak på sanitæranlegg som bygnadsmyndigheitene har unnateke frå søknadsplikta etter plan- og bygningsloven, skal det søkast direkte til FjellVAR (rørleggjarmelding). Eksempel på tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningsloven, men som krev rørleggjarmelding, kan vere reparasjonar og mindre omlegging av vass- og avløpsleidningar, utkopling av slamavskiljar, utskifting/utbetring av olje-/feittavskiljar, plugging av eksisterande leidning, installasjon/utskifting av vassmålar, brakkeriggar m.m.

Planane/rørleggjarmeldingane skal vere godkjende av FjellVAR før tiltaket startar opp.

2.6 Utføring av sanitæranlegg

Alt arbeid på sanitæranlegg skal utførast i samsvar med plan- og bygningsloven, teknisk forskrift og bestemningar gitt i FjellVARs Sanitærreglement, del 1 og del 2, såframt det ikkje er gitt skriftleg dispensasjon.

Ved tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningsloven, er kompetansekrav til dei utførande føretaka dei same som om tiltaket var søknadspliktig.

Vert eit rørleggjararbeid under utføring gitt vidare til eit anna rørleggjarføretak, skal det nye føretaket umiddelbart sende melding om dette.

2.7 Sluttdokumentasjon for utført sanitæranlegg

Plan- og bygningsloven krev at sluttdokumentasjon vert levert kommunen si bygningsmyndigheit.

I tillegg skal det for utført sanitæranlegg også sendast ”som bygget”-teikningar og naudsynte tekniske data til FjellVAR.

Utførande føretak skal sørgje for at FjellVAR har teke imot eit sett korrekte og ajourførte dokument/teikningar, samt koordinatinnmålt utført tiltak så snart sanitæranlegget er ferdig, og seinast to månader etter ferdigstilling.

For tiltak unnateke søknadsplikta etter plan- og bygningsloven vert det sendt rørleggjarmelding med naudsynte vedlegg.

Nærare om gjeldande bestemmingar er å finne i *Sanitærreglementet, del 2*.

2.8 Tinglyste erklæringar

Ved søknad vedrørande sanitæranlegg skal det leggjast ved erklæringar som bekreftar:

- rett til tilknytning til privat leidningsnett
- at det er gitt løyve til å leggje / ha liggjande, og til å vedlikehalde, vass- og avløpsleidningar, kummar m.v. på andre sine eigedomar
- at det ligg føre erklæring om ansvar for leidningsanlegget (solidarisk ansvar for drift, vedlikehald og fornying av felles privat vass- og avløpsanlegg dersom ikkje anna er avtalt).
- andre spesielle forhold som har noko å seie for framtidig drift, vedlikehald og fornying av vass- og avløpsanlegga.

Det er tiltakshavar sitt ansvar å sørge for at erklæringane er gitt av den/dei rettmessige eigaren/eigarane.

Erklæringane skal tinglysast. Kopi av tinglyste erklæringar skal seinast sendast inn i sluttdokumentasjonen.

Erklæringane skal vere påførte at dei ikkje kan avlysast utan vass- og avløpsetaten sitt samtykke.

2.9 Inspeksjon av sanitæranlegg

FjellVAR har rett til, når som helst og utan å varsle på førehand, å inspisere så vel anlegg under utføring som beståande anlegg.

FjellVAR overtek med sin inspeksjon ikkje noko ansvar overfor eigar, tiltakshavar, utførande føretak eller tredjemann.

2.10 Material og utstyr for sanitæranlegg

Alt material og alt utstyr som vert nytta i sanitæranlegg, skal tilfredsstillе funksjonskrav og produktkrav i samsvar med plan- og bygningsloven med forskrifter.

Utstyr godkjent av NBI-produktsertifisering eller NS-merka utstyr tilfredsstillер desse krava. (Godkjenningar tidlegare utstedt av Godkjenningsnemnda for sanitærmateriell er overført NBI-produktsertifisering.)

FjellVAR kan krevje anna materiell eller utstyr enn det som er beskrive i andre avsnitt i dette punktet.

2.11 Prøving

Så vel vass- som avløpsinstallasjonar kan, før dei vert tekne i bruk og/eller overdekka, krevjast dokumentert trykk- og/eller funksjonsprøvd.

Kapittel 3.0 Vilkår for tilknytning og bruk av FjellVAR sine vass- og avløpsleidningar (leveringsvilkår)

3.1 Generelt

Abonntenen (eigar av sanitæranlegg) har ansvar for drift og vedlikehald av eige leidningsanlegg (sanitæranlegg).

Anlegget skal til ei kvar tid tilfredsstillende gjeldande funksjonskrav.

3.2 Forbruk av vatn

Abonntenen forpliktar seg til ikkje å sløse med vatn, som for eksempel la lekkasjar stå ureparert, eller la kraner stå opne.

Under vassmangel, eller andre omstende som er utanfor FjellVAR sin kontroll, kan FjellVAR gjennomføre innskrenking av vasstilførsel til heile kommunen, deler av den eller til spesielle føremål utan at det gir abonntenen krav på reduksjon i vassgebyret.

Dette gjeld restriksjonar for hagevatning, bilvask og liknande.

Ved unormalt store eller støytvise vassuttak/avløpsutslipp må spesiell løyve frå FjellVAR ligge føre.

Det er ikkje lov å ta ut vatn for gatespyling e.l. frå kummar/hydrantar på kommunal leidning utan FjellVAR sitt samtykke. Ved eventuelt uttak frå kommunal eller privat kum, kan det bli forlanga vassmålar.

Likso må FjellVAR sitt samtykke innhentast ved midlertidige behov for vassuttak og/eller avløpsmottak i samband med arrangement og liknande.

Utan FjellVAR sitt samtykke må det ikkje takast vatn frå annan eigedom eller tilførast avløp ut over det godkjente abonnementet.

3.3 Sikring av vassforsyninga mot forureining

Vassinstallasjonar skal utførast slik at tilbakesuging eller inntrenging av ureine væsker, stoff eller gassar ikkje kan finne stad.

Tilbakestrømmingssikring vert kravd i samsvar med VA/Miljø-blad 61 UTV *Beskyttelse mot forurensning av drikkevann ved tilbakestrømming i vannledningar*.

FjellVAR kan forlange montert tilbakeslagssikring der etaten vurderer det som naudsynt.

Dersom eigedomar har eller har hatt anna vassforsyning enn den kommunale, skal dette anlegget vere fysisk skilt frå sanitæranlegg knytte til kommunal vassforsyning.

Før vassinstallasjonar vert tekne i bruk, må dei spylast reine og om naudsynt desinfiserast i samsvar med FjellVAR sine krav (jf. Sanitærreglementet, del 2).

3.4 Vasstrykk

Ved mindre trykk enn 2,5 bar etter innvendig hovudstengeventil, skal trykkaukingsanlegg vurderast. Etablering av trykkaukingsanlegg skal godkjennast av FjellVAR og betalast av abonnent/utbyggjar.

Ved trykk over 6 bar etter innvendig hovudstengeventil, skal det monterast trykkreduksjonsventil.

3.5 Vassmålar

Både FjellVAR og den enkelte gebyrpliktige kan krevje installert vassmålar.

For nærare informasjon, sjå FjellVAR sin forskrift for vatn og avløpsgebyr, og *Vann- og avløpsetaten* si norm for vassmålarinstallasjonar.

3.6 Kontroll av vasskvalitet og forbruk

FjellVAR skal gjennomføre rutinemessig overvaking og kontroll av vasskvalitet i samsvar med *Drikkevannsforskriften*.

FjellVAR har rett til, når som helst, å ta ut vassprøve frå privat leidning for kontroll av vasskvalitet. Vassforbruket kan kontrollerast ved inspeksjon eller ved montering av vassmålar.

3.7 Kvaliteten på avløpsvatn ved innslepp på kommunal leidning

Til kommunale spillvassleidningar skal det normalt berre førast spillvatn. Overvatn og dreinsvatn skal normalt handterast lokalt, eventuelt førast til overvatnsleidningar.

FjellVAR kan stille krav til kvaliteten på avløpsvatnet av omsyn til helse, miljø og sikkerheit, samt av omsyn til drifta av leidningsnett, pumpestasjonar, reinseanlegg m.v. FjellVAR kan lage utfyllande bestemmingar.

I område der det enno ikkje er ført fram to hovudleidningar, kan FjellVAR gi løyve til å føre overvatn inn på ein kommunal fellesleidning for spillvatn og overvatn dersom denne har tilstrekkeleg dimensjon. Overvatnet skal i så fall førast fram i eigen leidning. Løyvet er berre midlertidig og tek slut så snart det er lagt fram separatsystem i området.

Overvatn skal alltid leiast til kommunalt leidningsnett via sandfangskum.

Til avløpsleidningar må det ikkje førast væske eller stoff som kan vere miljø- og/eller helseskadelege, eller som kan medføre brann eller eksplosjonsfare.

Det skal heller ikkje tilførast væsker eller stoff som kan stivne, avleirast eller som på anna måte kan vere skadeleg eller driftsforstyrrende.

Det same gjeld væsker med høgare temperatur enn 50 grader C, sure og alkaliske bad samt spillvatn med pH-verdi under 6,0 eller over 9,5 rekna som momentanverdiar. Industriedrifter må føre sikker kontroll med at utslipp som skader leidningsnettet ikkje skjer.

FjellVAR kan pålegge eigar å undersøke dei fysikalske og kjemiske eigenskapane i spillvatnet ved godkjent laboratorium, og kan i den utstrekning det finst påkravd av omsyn til kontrollen, pålegge eigar å sørgje for ekstra inspeksjonskummar på stikkleidningane sine.

Ved uhell eller ukontrollert innslepp til FjellVAR sine avløpsleidningar, som ikkje er i samsvar med gjeldande bestemningar, skal FjellVAR umiddelbart varslast.

FjellVAR kan krevje innsleppsløyve for spesielt forureina avløpsvatn.

Oppmaling av avfallsprodukt, for eksempel med avfallskvern eller liknande, tillatast ikkje tilført avløpssystemet.

Ved ulovleg innslepp kan FjellVAR pålegge abonnenten å stoppe innsleppet.

3.8 Utskiljarar og reinseanlegg

Bygging, drift og vedlikehald av utskiljarar for olje, feitt og slam, reinseanlegg, m.v., som skal installerast i tilknytning til sanitæranlegg, skal godkjennast av FjellVAR. Vidare må anlegg for destruksjon, behandling eller nøytralisering av gassar, væsker eller stoff vere godkjente på førehand.

Ved utslipp av avløpsvatn med feitt frå matproduksjon/matsservering i næringsverksemd, skal feittavskiljar monterast (jf. FjellVAR sin norm for feittavskiljarar).

Installasjon, vedlikehald, tømning, rapportering og tilsyn må utførast i samsvar med gjeldande regelverk og særskilt avtale med FjellVAR.

Dersom privat reinseanlegg ikkje vert drive tilfredsstillande, kan FjellVAR overta drifta for abonnenten si rekning, jf. forurensningslovens § 24.

Eigar pliktar å fjerne privat reinseanlegg/slamavskiljar og føre avløpet direkte til kommunalt anlegg når FjellVAR krev det. Kostnaden skal betalast i sin heilskap av abonnenten.

3.9 Vern mot inntrenging av høgvatn m.m.

Som høgvatnlukkar vert tettsluttande stengeinnretningar som betenes for hand godkjende, eventuelt i samband med tilbakeslagsventil. Vasstand i kummer og tankar og vasslås i utstyr må ikkje ligge lågare enn kote 2,00 for gravitasjonsanlegg.

3.10 Utbetring av feil og manglar

FjellVAR kan gi pålegg om utbetring av anlegg som er i strid med sanitærreglementet. Dette inkluderer eldre sanitæranlegg som ikkje er tette og ikkje har tilstrekkeleg kapasitet.

Dersom det viser seg at ein større strekning ikkje tilfredsstiller gjeldande krav, kan FjellVAR etter ei faglig vurdering gi pålegg om at heile anlegget skal skiftast ut. Klagetilgong, sjå pkt. 1.7.

Dersom slikt pålegg ikkje vert følgt, kan FjellVAR få arbeidet utført for abonnenten si rekning. Abonnenten skal varslast skriftleg før tiltaket vert utført.

Tiltak som ikkje kan utsetjast, kan gjennomførast utan føregåande varsling. Dette for å hindre eventuell skade på eigedom eller tredjepart.

Gjeld pålegget utbetring av privat vassleidning, kan FjellVAR stipulere uttaket (vassforbruk og lekkasje) og leggje det til grunn for gebyrberekning.

FjellVAR kan stengje vassforsyninga til eigedomen inntil forholdet er retta. Vasstank vil bli utplassert.

Ved utbetring av kommunale vass- eller avløpsleidningar kan FjellVAR krevje at eigarar av tilknytte private leidningar gjer tilsvarande utbetring.

3.11 Private leidningsanlegg i kommunal veg

Når ei gate eller ein veg skal opparbeidast, utbetrast eller fornyast med fast dekke, kan FjellVAR krevje at sanitæranlegg blir kontrollert samstundes og eventuelt blir reparert eller skifta ut.

FjellVAR avgjer om det skal gjerast reparasjonar eller utskifting. Etter utbetring kan FjellVAR AS fastsetje eit tidlegaste tidspunkt før gata/vegen kan gravast opp for å reparere eller skifte ut privat anlegg.

Der FjellVAR finn det føremålstenleg av omsyn til framdrifta av anleggsarbeidet eller andre forhold, kan etaten utføre arbeidet sjølv. Eigar av sanitæranlegget skal varslast om det er mogeleg. Kostnadene med reparasjon eller utskifting av sanitæranlegg skal betalast av abonnenten aleine.

Alt arbeid i offentleg veg skal vere godkjent av vegmyndigheit (jf. *Regler for graving i offentlig veg- og gategrunn*). Dispensasjon vedrørande grunne leidningar i offentleg veg må spesielt avklarast med vegetaten.

3.12 Tilknytning ved omlegging av kommunal leidning

Når kommunal leidning blir lagt om, skal eksisterande private leidningar koplast til den nye leidningen.

Eigarar som vert råka, skal skriftleg gjerast kjende med endringar av tilknytingspunkt.

Dei nye stikkleidningar/fellesleidningar blir abonnenten sin eigedom, som også er ansvarleg for drift og vedlikehald.

3.13 Fjerning av tilknytning

Ved riving av bygningar eller andre forhold som fører til fjerning/flytting av tilknytning til kommunal leidning, skal stikkledning for vatn og avløp pluggast ved tilknytingspunkt på hovudleidningen. Dette gjeld også midlertidig tilknytning.

Plugging av tilknytning skal meldast FjellVAR (rørleggjarmelding).

Leidningar som er tilknytte private fellesleidningar, skal pluggast ved tilknytingspunktet til desse.

FjellVAR kan foreta oppgraving og plugging for eigarane si rekning viss pålegg om plugging ikkje blir etterkomne. Abonnten skal varslast skriftleg før tiltaket vert utført.

Dersom FjellVAR i heilt spesielle tilfelle tillet at plugging vert utsett til eit seinare tidspunkt, kan FjellVAR krevje garanti for oppfylling av abonnten sine plikter.

3.14 Stenging av kommunal eller privat leidning

Stenging av kommunal leidning for å utføre arbeid på privat leidning kan berre setjast i verk av FjellVAR og til dei tider FjellVAR AS bestemmer. Kostnadene vert belasta føretaket som bestiller tenesta.

Ønsker eit føretak på vegne av ein abonnent å få utført slik stenging til andre tider, må føretaket/abonnten betale dei ekstra utgiftene dette medfører.

Utførande føretak som bestiller stenging, er pliktig til å varsle alle abonnentar som vert råka. FjellVAR informerer om tilknytte abonnentar så langt FjellVAR AS har kjennskap til dette.

Brot på varslingsplikta kan løyse ut sanksjonar etter sanitærreglementet.

Når ein brann eller eit akutt arbeid på leidningsnettet gjer det naudsynt, kan FjellVAR stenge både kommunal og privat vassleidning utan varsling på førehand.

Abonntar som er særleg avhengig av samanhengjande vassforsyning/utslepp, må sjølv gjennomføre tiltak som sikrar dette. Tiltaka skal vere godkjende av FjellVAR.

3.15 Ansvarsforhold

Generelt

Vass- og avløpsetaten har ansvar for bygging, forvaltning, drift og vedlikehald, samt naudsynt fornying av kommunale leidningar for vatn og avløp.

Abonnten har tilsvarende ansvar for private leidningsanlegg og installasjonar.

Dersom fleire eigedomar har felles tilknytning til FjellVAR AS si leidning, er kvar eigar solidarisk ansvarleg for heile den felles leidninga som eigedomen er tilknytt, med mindre anna ansvarsfordeling er avtalt.

På same måte er kvar eigar solidarisk ansvarleg for drift vedlikehald og fornying av installasjonar som er felles for fleire eigedomar.

FjellVARs erstatningsansvar

FjellVAR har i utgangspunktet erstatningsansvar etter vanlege erstatningsrettslege reglar.

FjellVAR er likevel ikkje erstatningsansvarleg for:

- a) Skader på grunn av stenging av vasstilførsel der varslingsplikta er overhalde, sjå pkt. 3.14.
- b) Skader på grunn av plutselig stenging av vatntilførselen ved ledningsbrudd/lekkasje eller andre uforutsette hendingar.

- c) Skader på grunn av endringar i vasstrykket ein ikkje kan forutseie, ved f.eks. svikt i pumper, reduksjonsventilar og liknande.
- d) Skader på grunn av avvik i vasskvaliteten, f.eks. misfarga vatn, når avviket skyldes varsla arbeid på FjellVAR AS sine vassleidningar.
- e) at private rør-/sanitærinstallasjonar under arbeidet på FjellVAR AS sine leidningar forureinast eller stoppast til av rust, slam eller andre stoff.
- f) Frostskader på stikkleidningar på grunn av driftsstans på FjellVAR AS sine leidningar.
- g) Tilbakeslag frå FjellVAR AS sine avløpsleidningar og/eller ved inntrenging av høgvatn for bustadområde som ligg under kote 2,00.
- h) Skader i kjellar/lagerlokal eller bustadareal etter overfløyning som skuldast leidningsbrot, tilbakeslag frå avløpsleidning eller kapasitetsproblem når skadetilfella omfattar:
- innreiing til rom for varig opphald (bustadføremål) som manglar naudsynt godkjenning av bygningsmyndigheitene
 - gjenstandar som pga. sin verdi eller andre forhold er uvanleg eller aktaust å oppbevare på slike stader
 - varer som er lagra under lagringshøgde 100 mm over golv
- i) Skader på eigedom på grunn av ekstraordinær nedbør, høgvatn i fjord, høg vasstand i elv eller bekk og liknande. Dette gjeld uansett om vatnet trengjer inn gjennom avløpsleidningar, golv/veggar eller på anna vis.
- j) Skade som kjem av tilbakeslag frå avløpsleidning når kjellargolv og/eller vasstand i lågaste monterte vasslås ligg mindre enn 900 mm høgare enn innvendig topp hovudleidning i tilknytingspunkt til stikkrenna på hovudleidningen.

Den same ansvarsbegrensinga gjeld for tilbakeslag frå kommunalt avløpsanlegg dersom det private avløpsanlegget ikkje er i samsvar med gjeldande sanitærreglement.

Abonnten sitt erstatningsansvar

Abonnten har erstatningsansvar etter alminnelige erstatningsrettslege reglar og kan såleis bli ansvarleg for skader forårsaka av eige sanitærlegg.

Abonnt er erstatningsansvarleg for skade på kommunalt/privat leidningsnett/installasjonar på grunn av overtreding på gjeldande sanitærreglement. Det same gjeld for meirkostnader som er påført VA-etaten eller tredje mann ved brot på gjeldande sanitærreglement.